Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44 | Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Modalen

Emne: Veving | Bygdelag: Eksingedalen

Oppskr. av: Jens J. Lavik, f. 1881 | Gard: Lavik

(adresse): Eksingedalen | G.nr. 90 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. og eldre kvinnfolk

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Til mannsklær vart frå gamalt bruka venda vad-
og mål. Det vart bruka til tröja, vest og buksa, ga-
3 malt sa dei jamnast brok. Var vadmålet kvitt
so laut det fargast skulde det vera til bestklede.
Var det til kvardagsklede bruka dei det gjerna
utan det var farga, elder dei farga det heima.
Til bestklede sende dei det til ein utlærd fargar.
Farga dei heima, so farga dei gjerna med lyng, då
vart töyet gult. Og gule arbeidsklede såg ein
jamt, iser stuttatröja, vampe og bintlen.
Stuttatröja, vampe, nådde berre i belterstaden. Han
måtte vera romsleg alle stader, iser i ermestaupi
so han ikkje klemde nokonstad under arbeidet.
Bintleret var sidd på som ei vanleg tröja, og
ofte var so det, tettknappa upp i halsen, roms-
lege ermestaup, men ermane nådde ikkje len-
ger fram enn på ålbogen. Lett plagg og arbeida
i, i rukkever. So skulde karane ha seg under-
klede av vadmål, dei var alltid kvite. Under-
klædi var buksa og ullsjorta. Ullsjorta vart
alltid nemd for "udla" i mine barne og ung-
domsår. På "udla" var ofta sytt krage av kreft.
og under halsen minnest eg at mange eldre folk
heldt "udla" ihop med tvo sylvknappar. Lenger

12317

2

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

nede på bringa hadde dei vanlege Knappar

2. og 3 Kvinneklæde vor flatrukkestakk, doss, av ein-skjefta. Underskakk - doss - ogso av einskjefta. Buksa av einskjefta til sumarsbruk; av venda til vetterbruk. Vossi hang etter eitt overliv. det hang yver aksline og vor heilt i ryggen. og ope i bringa. Til høgtid og fest, bruka dei so kvit lereftsjorta utanpå vadmålssjorta. og yver bringa lagde dei ein Bringklut, bringduk. Når kvinnorne gjekk vanleg svartklædde - til Kyrkje, sjaund, elder dei lyddest um slekt og vener, hadde dei ei svart vadmålströya - einskjeft - utanpå overlivet. Tröya vor heilknappa i bringa. og nådde i belltestaden. ermane nådde på omleden.

Vevemåten for vadmål og einskjefta hev eg skreve um i Teremne 8, og treng vel ikkje taka det att her?

Eg glöymde noko um mannsklæde. Til arbeidsklæde vor dei ofta grått vadmål. heime-spunne garn, varp og veft. Vendavove. So slapp dei kosta farging på töyet. Berre til utanpåklæde, garnet spunne av svart og kvit ull.

Det andre. sengeomheng, sengetöy, duker, handklær, åklær, vort vove solike av lor. at eg veit ikkje å få greida um det. Det vart nok ein hende gong vove lett, men sjeldan vor det.

12317